



DEN NORSKE KYRKJA.

Kyrkjebø sokneråd.

Kyrkjebø, 15.01.2026

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd.

Møtedato: 15.01.2026.

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Andreas Elster, Kari Henny Dale, Jofrid Nordstrand Forthun, Jens Ole Årdal, Ole Ivar Luggenes, Sjur Håvard Øygard.

Forfall: Arvid Solås.

Kopi av protokollen går til:

Medlemane i KSR, Kyrkjevevja og postmottak v. Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Ingen merknadar.

Godkjenning av møtereferat frå 20.11.2026:

Ingen merknadar.

Sidan sist:

Julespel vart arrangert den 16.12. 25 i kyrkja og dei to framføringane, der born frå barnehage og skule deltok, vart gjennomførte. Dei av medlemane som møtte, tykte dette var ei god framføring og ei fin stund. Etter julespelet og medan borna venta på at dei skulle bli henta, vart dei aktiviserte med m.a. å lage juletrepynt og elles leike litt og ha det kjekt i lag.

Julegudstenestene ved Kyrkjebø og Vadheim gjekk også etter plan, med mange frammøtte.

Gudstenesta etter nyttår, som gjekk føre seg i Kyrkjebø kyrkje den 11.01.26. gjekk også etter plan. Konfirmantane var tilstades der og utførte oppgåver dei hadde fått tildelt på fint vis.

På Alværa vart det arrangert kyrkje og seminarhelg den 10.01 der nokon frå soknerådet møtte. Tema var pilgrimsvandring. Det vart m.a framført gode forteljingar, som gav inntrykk og grunnlag for refleksjon.

Postlista:

Leiar orienterte om post og korrespondanse som har blitt veksla gjennom perioden i samband med aktivitetar og tilskipingar. Elles ikkje noko som var av stor viktighet.

Presten har ordet:

Presten snakka om openbaringstida, som er tida etter jul og som varer til

fastetida. Her blir ein kjend med Jesus på ein ny måte m.a. ved at Jesus blir døypt.

Vedtakssaker:

Sak 001/26: offersøknadar.

Offerliste for Kyrkjebø og Vadheim for 2025 fekk medlemmane tildelt og det kom ikkje fram spesielle ynskje om å endre noko til denne.

Vedtak: Offer-føremåla blir i utgangspunktet som fastsett på tilsendt liste for 2025. Leiar i soknerådet får mynde til å fordele offera til dei ulike føremåla, og i tid, slik det høver til årshjulet og kyrkjeåret.

Samrøystes

Sak 002/26: Møteplan.

Skal ein fortsette med tidlegare møteplan? Saka vart drøfta mellom medlemmane.

Vedtak:

Soknerådsmøta vert som hovudregel lagt til kvar tredje torsdag i månaden i tida januar til mai og med same frekvens i tida frå sept. til november.

Samrøystes

Meldingssaker:

26001: Årsstatistikk.

SSB sin årsstatistikk for aktiviteten i soknet skal leverast på Altinn innan 20.januar. Kyrkjetenaren har gjennom året på godt vis ført mykje av grunnlaget og kladd av statistikken vart framlagd for medlemmane. Rådet gjekk i gjennom alle punkta i statistikken og nokon av desse vart oppdaterte. Verd å merke seg er at alle konfirmanter i soknet valde kyrkjeleg konfirmasjon og at frammøta til gudstenestene held seg omlag stabilt. Leiar sender inn komplett statistikk innan frist.

26002: Årshjulet.

Årshjulet, så langt det er fastsett, vart sendt ut 4.jan d.å. Likeeins fekk medlemmane framlagd gudstenesteplan for komande halvår. Fylgjande vart drøfta:

Ynskje om konsert med Høyanger barnekor.

Ynskje om konsert, der orgel har fokus.

Medarbeidarfest.

Gudstenesteplan.

Verdisamtaler.

Tårnagent.

Årsmøte.

Ein ynskjer å få til ein konsert med Høyanger barnekor, og dette bør få prioritet.

Leiar vil forhøyre seg med leiar for barnekoret i Høyanger om dette er

mogeleg.

Vedrørende orgelkonsert, tenkjer ein konsert med Peter Jobbagy og Harald Dahlstrøm.

Ein tenkjer i utgangspunktet at det kan vere mogeleg å ha eit arrangement i palmehelga, eller veka før.

Medarbeidarfest vart drøfta og det kom fram at eit slikt arrangement kan vere høveleg å ha annankvart år, saman med Høyanger. Andreas forhøyrer seg om dette, på neste møte i Høyanger sokneråd.

Gudstenesteplan vart framlagt til medlemmane og denne vart gjennomgått.

Gudstenesta 17.mai på Kyrkjebø, er viktig å koordinere tidspunktet for, saman med 17.mai-komiteen der. Konfirmasjonsgudstenester på Kyrkjebø og i Vadheim den 09.mai kl. 11.00/13.00.

Tema for verdisamtale ved neste gudsteneste blir nattverd, eller dåp. Kanskje kan nokon av medlemmane i rådet innleie til samtale? Andreas førebur dette. Grunna mangel på kapasitet, blir tilbodet tårnagent utsett til ny pedagog er tilsett.

Årsmøte i kyrkjelyden blir avhalde i Kyrkjebø kyrkje den 1.mars.

Neste gudsteneste ved Kyrkjebø kyrkje blir den 08.02.2026, der Sturla er kyrkjevert.

Sak ymse:

Det kom fram at eine kyrkjeklokka sviktar.

Dette er ei teknisk sak som kyrkjetenaren vil ta opp med kyrjekontoret.

Det kom vidare opp spørsmål om nemda for dekor og utstilling i kyrkjerommet var i rute i høve tidsfrist og svaret frå dei, var at arbeidet var i rute.

Møte slutt kl. 21.00.

Referent:

Jens Ole Årdal

soknerådsmedlem.